


29 MAI 1990



Årsmelding


1989


FISKERIRETTLEIAREN

I

SANDE VANYLVEN VOLDA

Vårt
Distrikt:





INNHALDSOVERSIKT

Kap 1 Rettleiingstenesta si verksemd og funksjon.

1.1	Kontoret	3
1.2	Personalet	3
1.3	Korrespondanse	4
1.4	Møteverksemd	4
1.5	Deltaking i utval, nemnder, råd og komitear	4
1.6	Tenestereiser utanfor rettleiarsona	5
1.7	Fiskerinemnda	5
1.8	Møteverksemd i nemnda	6
1.9	Viktige fiskerinemndsaker	7
1.10	Administrative erfaringar med tenesta i meldingsåret	7

Kap 2 Sysselsettinga i fiskerinæringa.

2.1	Fiskarmanntalet	10
2.2	Sysselsettinga i foredlingsleddet	13
2.3	Sysselsetjinga i oppdrettsnæringa	14
2.4	Verksemd som er avleidd av fiskerinæringa	14
2.5	Total sysselsetjing i fiskerinæringa	15
2.6	Ytelsar frå Garantikassen for Fiskere	17

Kap 3 Fiskeflåten.

3.1	Merkeregisterdata	22
3.2	Distriktsvis fordeling av fiskeflåten	23
3.3	Konsesjonsbilde for kommunen	25

Kap 4 Foredlingsleddet.

4.1	Fiskebedriftene	27
4.2	Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling	28

Kap 5 Fiskeoppdrett/akvakultur.

5.1	Konsesjons- og aktivitetsoversikter	30
5.2	Matfisk - laks/aure	32
5.3	Settefisk/stamfisk - laks/aure	33
5.4	Skjelldyrking	33
5.5	Nye artar	34

Kap 6 Låne- og finansieringskjelder.

6.1	Statens Fiskarbank	35
6.2	Andre låne- og finansieringskjelder	37

=====

<u>Kap 7 Tiltaksplanar/tiltaksidrar.</u>	38
--	----

=====

<u>Kap 8 Oppsummering/status.</u>	40
-----------------------------------	----

=====

Trykt: April 1990

1.0 RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON.

1.1 KONTORET.

Kontoret dekkjer kommunane Sande og Vanylven, og frå 1/8-87 også Volda kommune. Hovudkontoret er i andre høgda i "Gamlebanken" på Larsnes. Gamlebanken ligg like ved Sande Rådhus og er kommuna sin eigedom.

I tillegg har ein kontorlokale i kjellaren i Vanylven Rådhus, Fiskåbygd. Kontoret er ope kvar dag frå 0800 til 1545. Sidan kontoret er einmannsbetjent vil ikkje begge kontorlokale verte betjent samtidig. Fast betjening av kontoret i Vanylven er kvar fredag. Dette gjeld frå og med 1987. Tidlegare var fast dag tirsdag. Endringa vart gjort for å tilretteleggje for møte i tekniske utvalg i kommuna.

Den 4/9 vart det sendt søknad om å leggja ned kontordagen i Vanylven. Grunnen til dette var at kontoret hadde lite besøk desse dagane. Dette vart behandla i Fiskeristyret i fylket den 18/12 som vedtok å redusere kontorhaldet i Vanylven til ein dag pr. månad. Vanylven Kommune gjekk mot å redusere tilbodet. Ein har ikkje foreteke endringar i kontorrutina enno. Hovudkontoret var medan ein hadde kontorhjelp betjent alle dagar. Frå 1.august 1987 vart rettledningsdistriktet utvida til også å gjelde Volda Kommune. Endringar i kontorrutinene er ikkje gjort. Volda er tiltenkt betjent frå begge kontor.

1.2 PERSONALE.

Fast bemanning er fiskerirettleiar. Kontoret har ikkje hatt andre tilsette i meldingsåret.

(Kontoret vart utstyrt med automatisk telefonsvarar i 1986.)

(Kontoret vart utstyrt med PC i 1987)

Frå og med januar til og med slutten av juni har kontoret hatt ein person frå arbeidskontoret under ordninga med praksisplass for ungdom.

Frå og med ca. 10 september har kontoret hatt ein person frå arbeidskontoret under ordninga med "Arbeid for Trygd".

Rettleiar Inge Remøy hadde permisjon frå 1/4 til 1/6. Oddmar Remøy var då tilsett som vikar i stillinga.

1.3 KORRESPONDANSE.

Registeret for utgåande brev hadde 159 registreringar. Dette er over det dobbelte av året før. Grunnen til endringa er at etter at kontoret fekk kontorhjelp frå september vart registrering av inn- og utgåande post meir systematisert. Inngåande registreringar viste 145 mottak. Etter beregning meiner ein at forsendelsar til og frå kontoret har auka litt frå året før til omlag 950 sendingar og 1400 mottak. Noko av auken skriv seg frå betre kopirutiner av vedtak i høgare instansar og betre informasjonsteneste innan etaten.

Kontoret held fast fylgjande tidsskrift:

Sunnmørsposten (dagsavis), Fiskeribladet og Fiskaren (to utg. i veka). Lokalavisene Vestavisa (Vanylven), Vestlandsnytt (Sande) og Møre (Volda), med respektive ei, to og tre utgåver i veka. Elles månedsbladet Norsk Fiskeoppdrett og Fiskeridirektoratets Fiskets Gang.

Kontoret mottek alle rundskriv og direktiv (j.meldingar) frå Fiskeridirektøren/Fiskeridirektoratet, skriv og meldingar frå Garantikassa for Fiskarar. I tillegg informasjon frå offentlege institusjonar og private bedrifter innan næringa. Informasjonen frå kommunene, sakspapir til møter i Tekn. utvalg, Hamnestyre, og Formannskap utgjør også ein betydeleg del papir.

1.4 MØTEVERKSEMD/VIKTIGASTE PROSJEKT.

Fiskerirettleiaren har delteke på tiltaks- og næringsmøter som har vorte halde i kommunene. Det har vore liten aktivitet på dette område i kommunene dette år. Derimot har kommunene vore i arbeid med kommuneplan og dette har ført til møteverksemd. Rettleiaren har vore på tre grendamøter i Sande og to hovudsamlingar i Vanylven i planarbeid.

I samband med grunnskulen sin kontakt med yrkeslivet har Fiskerirettleiaren vore på kontaktmøte med ein skule i Sande og ein i Vanylven. I vidaregåande skule sin kontakt med næringslivet deltok Rettleiaren i møte i Fosnavåg. Rettleiaren har registrert 20 bedriftsbesøk og -møter i 1989 mot 19 i 1988.

Sande og Vanylven kommuner vedtok i kommuneplan å arealdisponere sitt sjøområde. Fiskerirettleiaren var innvald i utval som kom med utkast til slik disponering i kvar si kommune. Ein hadde frist til utgangen av året med utkastet. Utkast vart levert til begge kommuner, noko forseinka då medlemene hadde møteproblem.

1.5 DELTAKING I UTVAL, NEMNDER, RÅD OG KOMITEAR.

Møteplikt/rett til tekniske utvalg førte til deltakelse i 5 møter i Sande, 2 i Vanylven og 2 i Volda i beretningsåret.

1 møte i Sande Hamnestyre.

Ved endring av hamnelova er Rettleiaren gitt rett/plikt til møte også i hamnestyret.

1.6 TENESTEREISER UTANFOR RETTLEIARSONA.

Fylkessamling på Håholmen, Averøy 14 og 15 juni.
Fylkessamling i Alesund og Sæbø 6 og 7. desember.
Messebesøk, Aqua-nor Trondheim 15 og 16. august.
Årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag, Alesund 10 og 11. november.
Oppdrag for Fiskerisjefen 6/3, 6/6, 12/6, 26/7, 2/8, 3/8.

1.7 FISKERINEMNDER.

Fiskerinemndene er valde for perioden 1988 - 1991.

SANDE FISKERINEMND.

1. Gabriel Muren, 6083 Haugsbygda.	Formann.
2. Oddleif Vorren, 6089 Sandshamn.	N.formann.
3. Asbjørn Sætrevik, 6149 Åram.	Medlem.
4. Einar Beitveit, 6087 Kvamsøy.	Medlem.
5. Bård Muren, 6077 Gjerdsvika.	Medlem.

VARAMENN: (personlege)

1. Johann Knotten, Gurskebotn.
2. Sverre Voksøy, Sandshamn.
3. Martin Nystøyl, Åram.
4. Leif Slettestøl, Kvamsøy.
5. Steinar Gjerde, Gjerdsvika.

VANYLVEN FISKERINEMND.

1. Magnar Voldsund, 6140 Syvde.	Formann.
2. Knut M. Myklebust, 6140 Syvde.	N.formann.
3. Per Voldsund, 6140 Syvde.	Medlem.
4. Arthur Wik, 6130 Rovde.	Medlem.
5. Kåre Krokvik, 6143 Fiskåbygd.	Medlem.

VARAMENN: (Personlege)

1. Inge Reite, Syvde.
2. Edvin Takset, Eidså.
3. Elias Øvregard, Syvde.
4. Per Berge, Slagnes.
5. Martin Sekkingstad, Sylte.

VOLDA FISKERINEMND.

Arne Eidset, 6120 Folkestadbygd.	Formann
Rasmus S. Straume, 6120 Folkestadbygd.	N.formann.
Gunnar Gjersdal, 6133 Lauvstad.	Medlem.
Erik P. Ulvestad, 6100 Volda.	Medlem
Nelly Yksnøy, 6100 Volda.	Medlem.

VARAMENN: (Ikkje personlige)

1. Harald Bjørkedal, Austefjorden.
2. Jørgen Bjerkvik, Volda.
3. Einar Magnussen, Lauvstad.
4. Bente Søvik, Lauvstad.
5. Emil Olsen, Volda.

NB.Statens Fiskarbank si takstnemnd, sjå kap 6 i Årsmeldinga.

1.8 MØTEVERKSEMD I NEMNDENE:

På grunn av medlemene sin aktivitet i fiske har nemdene vanskar med samling. Dette gjeld særleg for vårsesongen og Sande Fiskerinemnd har særleg hatt vanskar. Ein har forsøkt å løyse dette ved administrativ behandling og seinare referat for nemnda. Denne behandlingsmåten er funnen tilfredsstillande for mange saker som har tidspress eller er relativt kurante og har samla ført til reduksjon i møtefrekvens. Ein har enno ikkje hatt problem med denne utviklinga.

Vanskane har for det meste vore at både formann og n.formann har hatt forfall.

SANDE FISKERINEMND:

Det vart halde 5 ordinære møte. Det vart behandla 12 (26) ordinære saker, framlegg til fiskarmanntal og klagebehandling av fiskarmanntalet. Det vart referert 78 saker/brev.

VANYLVEN FISKERINEMND:

Det vart halde 2 ordinære møter. Det vart behandla 3 ordinære saker og 21 referatsaker/brev, rullering og klagebehandling av fiskarmanntalet.

VOLDA FISKERINEMND:

Det vart halde 2 ordinære møte. Det vart behandla 2 ordinære saker og 14 referatsaker; elles rullering av fiskarmanntalet og klagebehandling.

Samla hadde nemndene fylgjande aktivitet:

<u>Ar:</u>	<u>1989</u>	<u>1988</u>	<u>1987</u>
Ordinært behandla saker.	19	30	23
Referatsaker/Kurantbehandling	113	119	71
SUM	132 (146)	149	94

Søknader om likviditetslån vart fellesbehandla under eit saksnummer for 1989. Dette utgjer ein auke i antal saker på 14 for Sande. Dette viser ein markert auke i aktiviteten for kontoret, frå 1987. Varierende rammer etter hovudavtalen gjev varierende søknadsmasse etter desse ordningar. 1987 hadde ein relativt lav avtaleramme.

1.9 VIKTIGASTE FISKERINEMNDSAKER:

SANDE FISKERINEMND:

34 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
3 søknader om erhvervsloyve til fiskefartøy.
5 søknader om oppdrettsloyve.
4 forespørslar frå Garantikassa.
Rullering av Fiskarmanntalet og klagebehandling.

VANYLVEN FISKERINEMND:

5 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
3 søknader om oppdrettsloyve.
3 søknader om erhvervsloyve.
Rullering av Fiskarmanntalet og klagebehandling.

VOLDA FISKERINEMND:

2 søknader om oppdrettsloyve.
1 uttale til komm.planar.
1 søknad om kondemnering av fartøy.
Rullering av Fiskarmanntalet.

1.10 ADMINISTRATIVE ERFARINGAR MED TENESTA I MELDINGSÅRET.

Arbeidsmengda syner auke frå 1987 og 1988. Auken er på alle felt i næringa. Størst auke er på henvendelsar til Statens Fiskarbank. ✓

Nokre tilskotsordningar som fall bort for 1987 vart innførde i 1988 og -89 igjen. Tre rundar med likviditetslån/-tilskot har medført auka arbeid i 1989. Kommunene har prioritert planarbeidet også i 1989 og det har medført aktivitet i planarbeid også for Rettleiaren. ✓

Budsjettet for kontoret vart redusert for 1988 idet Volda kommune vart underlagt kontoret sitt budsjett utan den relle auke som avstanden til kommuna vil belaste regnskapet. Vi har prøvd å halde minimumsaktivitet innanfor ansvarlege rammer, men det førte likevel til overskridingar. Dette vesentleg på grunn av at 1987 som var basisår for budsjettet var eit uyanleg lite aktivt år for kontoret medan aktiviteten har auka i 1988 og 1989. Over dei tre siste år har saker til nemnda vorte behandla administrativt i aukande grad. For meldingsåret har berre omlag ein tredjedel av sakene vore ordinært behandla i møter. Det er

teke kontakt med formann eller enkeltmedlemer i nemndene i alle saker. Det vart halde 5, 2 og 2 møter i nemndene. To av desse møta er pålagde etter fiskarmanntalet, rullering og klagebehandling. Ein vil derfor tilkjennegi at ein finn vidare reduksjon av møtefrekvensen betenkjeleg.

Etter budsjettet tok ein sikte på 10 møter i 1989. Med kostnader frå tidlegare møter skulle budsjettet halde. Med 9 møte i 1989 vart omlag 2/3 av budsjettet brukt.

Auka aktivitet som kontorhjelp frå arbeidsmarkeditak skapte ved kontoret førte til overskridingar i budsjettet elles. Dette er innvilga dekt frå tilskot for slike tiltak.

Oppmøte i tekniske utval har for meldingsåret vore heller lite. Utvala har omlag 20 møter kvar. Rettleiaren har møtt i 6, 2 og 1 av desse møta. Grunnlaget for å møte har vore når utvalet har fiskerisaker til behandling. På grunn av at kommunene sine hamnedistrikt ikkje er klarerte har dei kommunale hamnestyre hatt liten aktivitet. Rettleiaren har møtt i eit slikt møte i 1989. Med slik klarering og Rettleiaren sin nye møterett/plikt vil ein venta auka fram møte i desse. Det kan verke urealistisk at Rettleiaren skal klare å vere med på dei nødvendige møter i tre kommuner for å halde seg orientert utan at kontoret vert skadelidande, utan fast kontorhjelp.

Reguleringa i torske- og hysefisket for 1990 fekk kontoret stor belastning av frå midten av desember, ettersom avisene melde om reguleringsformene. Enkeltpersonar forsøkte klarere utslaget av reguleringane for sin situasjon og stilte spørsmål som kontoret ikkje kunne svara på grunna manglande avklaring.

Den omtala opprydding i merkeregisteret og dermed også manntalet skapte også belastning.

Lange diskusjonar og delvis krancling over telefon og ved oppmøte lama kontoret over lange periodar.

Perioden frå byrjinga av desember og ut januar -90 viser lite igjen i kontoret sin aktivitetsstatistikk.

Ein vart oppmoda frå Fiskeridirektoratet om å nytte høvet for gratis hjelp til kontoret gjennom arbeidskontoret sine tiltak for ungdom. Vi fekk inn slik hjelp frå slutten av september. Dette førte til større aktivitet på kontoret som igjen førte til større driftskostnader og budsjett-sprekk.

Om det barberte budsjett skal haldast vil ein måtte seia frå seg slik hjelp.

For 1989 vart slik hjelp ytt under ordninga arbeid for trygd med driftstilskot og dette vart tilbakeført til kontoret slik at det vart rimelig utgang på budsjettet.

For 1990 er tilbakeføring av dritsmidlar gjort obligatorisk så sjølv om midlane er sterkt reduserte vil ein nytte ordninga.

Ein har ikkje motteke klage eller vellåte på kontoret sine vegne i beretningsåret. Om kontoret har fungert godt eller dårlig er vi ikkje istand til å vurdere då ein manglar grunnlag. Ein vel derfor å tru at det har fungert tilfredstillande.

Om ein skal nemne den kritikk kontoret mottok i forbindelse med torske- og hysereguleringa samt oppryddinga i merkeregisteret så er det gitt uttrykk for at kontoret sin viktigaste oppgave skulle vere å medvirke til at "skadevirkningane" ved desse endringar fekk lite utslag for distriktet. Ein må nok tilkjenne at etter det opplegget som begge ordningane hadde gav det relativt stort utslag for distriktet i negativ lei.

Ein meiner dermed å ha grunnlag for kritikk mot kontoret når ein meiner å sjå at distriktet kjem relativt dårleg ut etter innføring av ordningane.

Vi anser denne klage som kritikk av ordningane generelt og heller mindre som kritikk på svakheiter ved kontoret.

2.0 SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1 FISKARMANNTALET.

Alle kommuner skal sette opp manntal over fiskarar og fangstfolk. Fiskerirettleiaren er manntalsfører i Sande og Vanylven, og frå 1/8-1987 også Volda kommune.

Manntalet er delt i blad-A og blad-B. Blad-A er for fiskarar med fiske som tilleggssyrke, blad-B som hovudyrke. Fiskarane sine sosiale rettar er baserte etter status i manntalet. Blad-B gir fulle rettar, mens blad-A gir sterkt reduserte rettar. I prinsipp er det berre manntalsførde som oppnår status til fiskarane sine rettar etter lovverket. Det er derfor viktig for fiskarar å verte innførde i manntalet. Det er fiskarane sjølve sitt ansvar å melde seg for manntalet både inn, ut og andre endringar (f.eks. flytting).

BAK I AVSNITTET FINN EIN OVERSIKT OVER FISKARMANNTALET MED BYGDAVIS FORDELING FOR DEI TO BLAD OG PROSENTVIS FORDELING AV KOMMUNENE SINE FISKEARAR ETTER BYGDELAG, 1984,86,88 og 89.

OVERSIKT OVER FISKARMANNTALET DEI SISTE 10 ÅR.

ÅR	SANDE		VANYLVEN		VOLDA	
	Blad-B	Blad-A	Blad-B	Blad-A	Blad-B	Blad-A
1979	214	32	125	19		
1980	234	20	126	25		
1981	239	19	128	27		
1982	267	19	137	27		
1983	213	18	110	11		
1984	211	23	121	12	60	6
1985	201	23	129	11	72	3
1986	205	26	140	12	75	2
1987	228	28	157	12	78	2
1988	206	32	142	11	81	9
1989	195	34	148	13	69	11

Som ein ser hadde Sande sin høgste deltakelse i heiltidsfiske i 1982 og ein ny topp i 1987. Nedgangen til 1983 er i tillegg eit utslag av nye forskrifter slik at siste nedgangen til 1989 er meir reell. Fiskarane i Sande er rimelig spreidd over heile flåten.

Vanylven hadde sin topp i 1987. Her er fiskarane mest på den større del av flåten slik at dei ressursforhold desse fartøy erfarer vil få relativt store utslag, og ikkje variere som for andre kommuner.

Volda har liknande struktur som Vanylven.

Etter ressursgrunnlaget kan ein vente redusert aktivitet for heile næringa. Foreløbig er myndigheitene sine tiltak i effekt, men effekten av desse tiltak forventast minke.

OVERSIKT OVER FISKARMANNTALET MED ALDERSGRUPPERING VED UTGANGEN AV ÅRET, 1984, 1986, 1988 OG MELDINGSÅRET. (noko redusert for Volda).

SANDE

Tekst/Gruppe	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	SUM
Blad-A 1984	0	0	0	2	1	8	2	10	23
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	9	2	10	26
Blad-A 1988	0	0	1	0	2	14	3	12	32
Blad-A 1989	0	0	1	0	2	12	7	12	34
Blad-B 1984	22	73	37	38	30	13	2	0	215
Blad-B 1986	28	77	37	40	30	11	2	1	226
Blad-B 1988	22	77	35	39	32	6	0	0	211
Blad-B 1989	16	71	30	41	32	4	1	0	195

VANYLVEN

Blad-A 1984	0	0	0	1	1	2	3	5	12
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	0	2	6	13
Blad-A 1988	0	0	0	0	1	0	0	8	9
Blad-A 1989	0	0	0	0	1	4	0	8	13
Blad-B 1984	13	36	30	21	19	4	0	0	123
Blad-B 1986	20	49	30	24	21	4	0	0	148
Blad-B 1988	14	56	23	26	16	8	2	0	145
Blad-B 1989	12	68	19	27	15	5	2	0	148

VOLDA

Blad-A 1984									6
Blad-A 1986									2
Blad-A 1988	0	0	1	2	3	1	0	1	8
Blad-A 1989	0	1	1	3	2	2	1	1	11
Blad-B 1984									60
Blad-B 1986									75
Blad-B 1988	8	40	13	13	4	2	0	0	80
Blad-B 1989	13	27	14	10	3	2	0	0	69

Prosentvis aldersfordeling av fiskarar under 40 år viser:

Sande	1984	61%	1987	64%	1988	64%	1989	60%
Vanylven	1984	64%	1987	67%	1988	64%	1989	67%
Volda			1987	73%	1988	76%	1989	78%

Liknande vurdering for fylket viser for 1987 64%

Dette er då for fiskarar med fiske som hovudyrke, blad-B og viser ei god utvikling for fisket, men kvar vert eldre fiskarar av.

Rekruttering kan ein få eit bilde av ved å måle dei yngste gruppene (under 30 år) mot summen. Under 30 år viste:

Sande	1984	44%	1987	50%	1988	47%	1989	45%
Vanylven	1984	40%	1987	50%	1988	48%	1989	54%
Volda			1987	56%	1988	60%	1989	58%

Dette skulle tilsei god rekruttering til yrket, eller unge fiskarar.

VED GARANTIKASSEN FOR FISKARAR ER INNTEKT OG DRIFTSTID REGISTRERT.

Slike registreringar er ikkje klar for beretningsåret før utpå ettersommaren.

For dei siste år som er klar viser registreringane:

-----SUM----- *FISKARAR REG* *-----GJENNOMSNIITT---*

ÅR Driftsd. Innt. GFF. F.mannt. Driftsd. Innt. ÅR Innt. DAG

SANDE

1983	47.704	20.686.080	233	231	205	88.781	433
1984	47.794	22.451.633	235	238	203	95.539	471
1985	41.966	22.425.642	222	224	189	101.016	534
1986	45.582	29.330.263	241	232	189	121.702	644
1987	47.400	29.182.412	248	235	191	117.710	616
1988	46.176	27.174.662	224	195	206	121.315	588

VANYLVEN

1983	27.588	15.929.810	138	121	200	115.433	577
1984	29.867	16.116.491	162	135	184	99.485	541
1985	29.557	17.873.672	165	139	179	108.325	605
1986	32.457	20.648.003	185	148	175	111.611	638
1987	35.170	25.041.976	189	143	186	132.497	712
1988	36.557	22.132.082	183	142	183	120.940	605

VOLDA

1983	11.923	5.003.482	68	55	175	73.581	420
1984	Oppgave manglar.						
1985	14.026	7.830.616	86	78	163	91.054	559
1986	14.797	9.248.942	99	75	149	93.424	627
1987	15.127	11.122.623	91	68	166	122.227	736
1988	15.666	9.359.830	96	81	163	97.498	597

Arbeidskompensasjonen per driftsdag har auka fram til 1987, men viser nedgang for siste år.

Den samla kommunale inntekt frå fiske er og redusert.

Ser ein på tala for registrerte fiskarar ser ein at tala under GFF er stort sett større en i Fiskarmanntalet i kommuna. I kommuna brukar vi berre blad-B og registreringane til GFF er forsamtliga registreringar av inntekt frå fartøyoppgavene.

Bak i avsnittet finn ein oversikt over utviklinga i sum inntekt til kommunene grafisk framstilt, frå 1983 til 1988.

SYSSELSETTINGA I FISKE/FANGSTLEDDET

<u>SANDE</u>	1987	1989
Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	228 årsverk	195 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	9 årsverk	11 årsverk
<u>SUM SANDE</u>	<u>237 årsverk</u>	<u>206 årsverk</u>

VANYLVEN

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	157 årsverk	148 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	4 årsverk	4 årsverk
<u>SUM VANYLVEN</u>	<u>161 årsverk</u>	<u>152 årsverk</u>

VOLDA

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	78 årsverk	69 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	1 årsverk	4 årsverk
<u>SUM VOLDA</u>	<u>79 årsverk</u>	<u>73 årsverk</u>

2.2 SYSSELSETTINGA I FISKEFOREDLINGA.

(For nærare oversikt sjå kap.4.1.)

SANDE

Arsverk 1984	25	
Arsverk 1985	28	Tilsette: 24 kvinner 13 menn.
Arsverk 1986	27	Tilsette: 25 kvinner 11 menn.
Arsverk 1987	25	Tilsette: 25 kvinner 8 menn.
Arsverk 1988	23	Tilsette: 25 kvinner 7 menn.
Arsverk 1989	18	Tilsette: 22 kvinner 8 menn.

VANYLVEN OG VOLDA HAR IKKJE FISKEFOREDLING

2.3 SYSSELSETTINGA I FISKEOPPDRETT.

(For nærare oversikt sjå kap. 5.1.)

SANDE

1984	7,0 årsverk
1985	7,0 årsverk
1986	7,5 årsverk
1987	9,0 årsverk
1988	10,7 årsverk
1989	12,7 årsverk

VANYLVEN

1984	9,0 årsverk
1985	9,0 årsverk
1986	15,0 årsverk
1987	20,0 årsverk
1988	21,5 årsverk
1989	24,0 årsverk

VOLDA

1986	27,0 årsverk
1987	33,0 årsverk
1988	41,5 årsverk
1989	31,1 årsverk

2.4 VERKSEMD AVLEIDD FRÅ FISKERINØRINGA.

LINEEGNESENTRALAR.

To lineegnestasjonar kom i drift i Sande kommune i 1986. Sandshamn Lineegnesentral med John Longva som kontaktmann og Åramsundet Lineegnesentral ved Per Inge Nystøyl. Sandshamn med 6 tilslutta fartøy og Åramsund med 4 tilslutta fartøy. Sandshamn sentral kom igang juli-86 og ut året vart det vatna 159.500 krok med fangst 24.720 kg. fisk.

Åramsund sentral kom igang i oktober-86 og ut året vart det vatna 258.400 krok med fangst 19.727 kg fisk.

For 1987 og 1988 har ein ikkje pålitelege tal for aktiviteten ved dei to sentralane, men begge har vore i aktivitet. Oversikt over alle egnesenralar i fylket er gitt i Fiskerisjefen si årsmelding.

Det alt vesentlege av egninga er sjølvegna slik at det har foreløbig gitt lite tillegg i sysselsetting. For dei tilslutta fiskarane har betra arbeidsforhold og samarbeid gitt betre effekt i drifta.

For beretningsåret har det vore heller liten aktivitet ved begge sentralar då brukarane har valgt andre aktivitetsområde enn line i sitt fiske.

ANNA VERKSEMD I SANDE

Den vesentlege verksemd avleidd frå fiskerinæringa i Sande er dei 3 mekaniske verksted som stort sett har fått sine oppdrag frå fiske ved bygging, ombygging og reparasjonar av fiskefartøy. Plastteknikk er engasjert i oppdrag for fiskeoppdrett, Pla-Ny innan plast og pressenning og Sande Regnskapskontor, Sparebankregnskap innan regnskap. I årsmelding for 1986 vart det forsøkt tallfeste den sysselsettingseffekt og økonomisk bidrag desse bedrifter gir til Sande og Vanylven avleidd frå fiskerinæringa. Slik oppset vart og gjort i 1984. Ein har ikkje fortsett med slike oppsett.

For beretningsåret har det til dels vore liten aktivitet ved dei tre mekaniske verksted, to av dei har hatt redusert drift.

Fiskeoppdrettet Vestlaks har hatt sjølvpakking som tilleggssaktivitet.

AVLEDA VERKSEMD I VANYLVEN OG VOLDA

Utanom administrasjon og regnskap for fartøya tilhøyrande kommuna har Vanylven lite sysselsetting frå fiske/fangst. Sjølvpakkinga ved Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett gir noko deltid arbeid i slaktesesongen.

Volda har aktivitet i ei større fiskemat bedrift, sjå kap.4.1. Denne tok tidlegare sitt råstoff direkte frå fiskar og var dermed karakterisert som fiskeforedlingsbedrift. Inntaket kjem no frå annenhand. Ellers er slakting og pakking av oppdrettsfisk ved Norsk Ørettoppdrett einaste aktivitet frå fiske .

2.5 FISKERINÆRINGA SIN TOTALE VERKNAD 1988.

SANDE KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	206	(Kap.2.1)
Sysselsett i fiskeforedling	18	(Kap.4.1)
Sysselsett i fiskeoppdrett	12.7	(Kap.5.1)
<u>SUM SANDE 1989 årsverk</u>	<u>236.7</u>	<u>*</u>

ØKONOMISK BIDRAG TIL SANDE

Fiskarinntekt 1988	Kr. 27.174.000,-
Omsetn.Fiskeind.-89	Kr. 10.400.000,-
Omsetn.Fiskeopp.-89	Kr. 12.900.000,-
<u>SUM-89</u>	<u>KR. 50.474.000,-</u>

VANYLVEN KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	152	(Kap. 2.1)
Sysselsett i Fiskeforedling	0	(Kap. 4.1)
<u>Sysselsett i fiskeoppdrett</u>	<u>24</u>	<u>(Kap. 5.1)</u>
SUM 1989	årsverk	176

ØKONOMISK BIDRAG TIL VANYLVEN

Fiskarinntekt 1988	Kr. 22.132.000,-
<u>Omsetn. Fiskeoppdrett-89</u>	<u>Kr. 26.500.000,-</u>
SUM 1989	KR. 48.632.000,-

VOLDA KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	73	(Kap.2.1)
<u>Sysselsett i oppdrett</u>	<u>31,1</u>	<u>(Kap.5.1)</u>
SUM 1989	104,1	

ØKONOMISK BIDRAG TIL VOLDA.

Fiskarinntekt 1988	Kr. 9.360.000,-
<u>Omsetn.Fiskeoppdr.1989</u>	<u>Kr.35.860.000,-</u>
SUM 1989	KR.45.220.000,-

Statistikk og tal som visast i dette avsnitt tilseier at fiskerinæringa har stor betydning for alle kommunar. For Sande kan fiskerinæringa seiast å vere hovudgrunnlaget for næringslivet.

2.6 ARBEIDSLØYSETRYGD, GARANTILOTT OG FERIETILSKOT I FISKE.

Ytelsar tilført distriktets kommuner.

<u>AR</u>	<u>F.mannt.</u>	<u>A-trygd</u>	<u>G-lott</u>	<u>Ferietilsk.</u>	<u>SUM</u>	<u>Gj.snitt.</u>
<u>SANDE</u>						
1981	239	60.602	231.600	315.611	607.813	2.542
1982	267	144.754	306.800	499.782	951.336	3.563
1983	213	124.955	578.600	500.886	1.207.441	5.669
1984	215	228.435	447.400	530.209	1.206.044	5.610
1985	201	240.684	380.700	562.875	1.184.259	5.892
1986	226	220.410	746.200	545.902	1.512.512	6.693
1987	228	228.408	468.100	466.800	1.163.308	5.102
1988	206	473.000	1.118.800	489.390	2.081.190	10.103
1989	195	431.000	597.000	492.525	1.520.525	7.798
<u>VANYLVEN</u>						
1981	128	112.098	158.500	164.292	434.890	3.289
1982	137	195.779	115.500	253.332	564.611	4.121
1983	110	135.805	184.000	304.140	623.945	5.672
1984	123	105.818	129.000	292.855	528.573	4.004
1985	129	134.664	196.200	315.305	646.169	5.009
1986	148	215.574	95.600	362.992	674.166	4.555
1987	157	293.322	226.700	325.152	845.174	5.383
1988	142	365.000	228.600	374.583	968.183	6.818
1989	148	528.000	214.300	374.000	1.116.300	7.543
<u>VOLDA</u>						
1983	60	37.052	78.900	97.199	213.151	3.553
1984	60	85.318	119.900	113.109	318.327	5.306
1985	68	89.280	170.700	120.346	380.326	5.593
1986	75	77.190	169.200	154.986	401.376	5.352
1987	78	102.114	49.800	140.960	292.874	3.755
1988	81	137.000	92.200	148.830	378.030	4.667
1989	69	197.000	11.500	148.800	357.300	5.178

Gjennomsnitt viser ytelsar pr registrert fiskar blad-B i kommunene.


Fylkesgjennomsnitt, på liknande grunnlag som for kommunene:

1982	7.164
1983	8.884
1984	6.333
1985	6.432
1986	6.037
1987	5.880
1988	7.618

FISKARINNTEKT - 1983-88

SANDE - VANUVEN - VOLDA

REGISTRERINGAR VED GARANTIKASSEN



FISKARMANNTALET.

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Sande kommune.

	Gjerdsvika				Gurskebotn				Haugsbygda				Larsnes			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%
1984	1	4	38	18	0	0	15	7	3	13	29	14	5	22	20	9
1986	1	4	33	16	0	0	15	7	3	12	28	14	5	19	19	9
1988	3	9	31	15	0	0	19	9	3	9	27	13	6	19	26	13
1989	3	9	27	14	0	0	21	11	3	9	30	15	7	20	23	12

	Kvamsøy				Sandshamn				Åram				Totalt i kommuna			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%
1984	4	17	36	17	8	35	47	22	2	9	26	12	23	100	211	100
1986	8	31	41	20	7	27	40	20	2	8	28	14	26	100	205	100
1988	10	31	31	15	8	25	38	18	2	6	33	16	32	100	206	100
1989	10	29	27	14	10	29	34	17	1	3	33	17	34	100	195	100

FISKARMANNTALET.

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Vanylven kommune.

	Rovde				Syvde				Eidså				Fiskåbygd			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%
1984	0	0	4	3	4	33	46	38	1	8	11	9	5	42	29	24
1986	0	0	5	3	4	33	51	36	1	8	16	11	5	42	38	29
1988	0	0	4	3	5	45	45	32	0	0	19	13	5	45	41	29
1989	0	0	8	5	6	46	40	27	0	0	14	10	6	46	43	29

	Sylte/Slagnes				Åheim				Totalt i kommuna							
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%
1984	2	17	21	15	0	0	10	8					12	100	140	100
1986	2	17	19	13	0	0	11	8					12	100	140	100
1988	2	18	24	17	0	0	9	6					11	100	142	100
1989	1	8	28	19	0	0	15	10					13	100	148	100

FISKARMANNTALET.

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Volda kommune.

	Austefjorden				Folkestadb./Steinsvik				Lauvstad				Volda/Yksnøy			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%	ant	%
1986	0	0	12	18	2	100	11	16	0	0	11	16	0	0	32	48
1988	6	67	14	17	2	22	11	16	0	0	11	14	1	11	42	52
1989	6	55	11	16	3	27	8	11	0	0	13	19	2	18	37	54

													Totalt i kommuna.			
													A		B	
													ant	%	ant	%
1986													2	100	66	100
1988													9	100	81	100
1989													11	100	69	100

3.0 FISKEFLÅTEN.

3.1 MERKEREGISTERET.

Oversikt over Sande, Vanylven og Volda merkeregister. Antal etter type og størrelse ved utgangen av året og endringer. (Eige register.)

SANDE

År	Opne	Dekka	Sum	<9m	<12m	<20m	<35m	>35m
1985	33	59	92	48	21	12	7	4
1986	29	59	81	45	16	9	7	4
1987	29	57	79	44	17	11	6	4
1988	28	57	78	44	16	12	6	3
Inn 1989	0	4	4	2	1	0	0	1
Ut 1989	9	4	13	11	0	1	0	1
1989	19	57	69	35	17	11	6	3

VANYLVEN

1985	23	25	48	29	13	3	0	3
1986	19	22	41	23	13	2	0	3
1987	18	21	39	22	13	2	0	2
1988	17	20	37	20	13	3	0	1
Inn 1989	0	3	3	2	0	1	0	0
Ut 1989	1	0	1	1	0	0	0	0
1989	16	23	39	21	13	4	0	1

VOLDA

1986	18	10	28	16	9	3	0	0
1987	10	10	20	8	9	3	0	0
1988	10	9	19	8	8	3	0	0
Inn 1989	0	0	0	0	0	0	0	0
Ut 1989	0	2	2	0	0	2	0	0
1989	10	7	17	8	8	1	0	0

Retten til å ha fartøy i merkeregisteret er kobla til fiskarmanntalet. Ein må stå i fiskarmanntalet for å ha rett til merkeregistrert fartøy. Den store nedgangen i Volda i 1987 har samanheng med dette.

3.2 BYGDAVIS FORDELING AV FISKEFLATEN.

(Eige register)

SANDE

Storleik	Kvamøy	Sandsøy	Gjerdsvik	Gursken	Larsnes	Aram
Over 35 m	2	0	0	1	0	0
20 - 35 m	1	0	2	1	0	2
12 - 20 m	0	4	3	1	0	1
Under 12 m	8	11	3	14	5	9
SUM 1989	11	15	8	17	5	12
SUM 1988	11	18	13	18	7	11
SUM 1987	11	17	14	17	9	11
SUM 1986	11	19	13	16	11	13
SUM 1985	14	24	14	18	11	11

VANYLVEN

Storleik	Syvde	Vanylven
Over 35 m	1	0
20 - 35 m	0	0
12 - 20 m	2	2
Under 12 m	17	14
	20	16
SUM 1988	21	16
SUM 1987	22	17
SUM 1986	23	18
Sum 1985	27	21

VOLDA

Storleik	Volda	Austefjorden	Folkestad	Dalsfjord
Over 35 m	0	0	0	0
20 - 35 m	0	0	0	0
12 - 20 m	0	0	0	1
Under 12 m	4	7	1	3
SUM 1989	4	7	1	4
SUM 1988	4	8	3	4
SUM 1987	5	8	3	4

BESKRIVELSE AV FLATEN OG AKTIVITETSOMRADE

SANDE

Den eine fabrikktrålar som er registrert i kommuna er dreven frå selskapet sin base i Alesund. Fartøyet vart utskift med nybygg ved årsskiftet, på 67,4 m lengde. Reiarlaget driv gamlefartøyet i utanlandske farvatn. Ved utgangen av året fekk reiarlaget eit fartøy til og det gamle fartøy fekk registrering i kommuna igjen. Dette førte til at reiarlaget no har tre fabrikkskip registrert i kommuna, JUVEL, LABRADOR og BERYL. Dei to siste opererer i fjerne farvatn.

Skjell-skraparen Holberg kom igjen i drift med basis i Sande i beretningsåret og perioden mot slutten av året vart relativt god. 5 autolinefartøy er heimehøyrande og drevne i/frå kommuna. Dette er havgåande fartøy i 30-35 meters lengde.

Alle desse fartøy er eldre fartøy som trass godt vedlikehold kan få vanskar med fornyelse for vidare effektiv drift. Sviktande driftsgrunnlag angående ressursane desse beskattar og samstundes svak prisutvikling medfører frykt for dårlige utsikter den næraste framtid. Alle fartøy burde hatt hovudfornyning for å styrke konkurranseevnen, men utsikten tilseier forsiktigheit. Samla tilførte desse fartøy omlag 30 million kroner i økonomisk bidrag til Sande og ein arbeidsinnsats i fiske på omlag 70 årsverk.

Den store kystfiskefartøygruppa utgjer 6 fartøy (Snurrevad) mellom 15 og 27,5 meter. Denne gruppe sysselset omlag 25 personar i fiske.

Meldingsåret var eit uvanleg svakt år for desse då fangstmuligheitene svikta over omlag 3/4 av året. Forsøk i å finne alternativ aktivitet slo heller ikkje til.

Ressursgrunnlaget for denne gruppe er bestandsmessig svak.

Den mindre kystfiskefartøy-gruppe utgjer storparten av merkeregisteret, 66 stk. Denne driv kystfiske i distriktet med line, garn, not og snøre. Storparten er ikkje heilårsdrevne slik at sysselsettings-messig utgjer dette omlag 10-12 årsverk. Drifta er ellers ujamn så ein har vanskar med tallfesting.

Samla gir etter denne oversikt fiskeflåten i Sande sysselsetting for omlag 137 personar på årsbasis, som medfører at fiskeflåten frå Sande kan sysselsette omlag 70% av heilårsfiskarane i kommuna.

Vanylven.

Eit større fiskefartøy er heimehøyrande i Vanylven ved utgangen av året. Dette sysselset omlag 14 personar. Fartøyet driv ringnot og kolmuletrål. Fartøyet har hatt stabil god drift dei siste år og også i beretningsåret.

Ei gruppe på 4 mindre notfartøy mellom 12 og 20 m er heimehøyrande i Vanylven.

Desse driv fiske etter brisling, sei og sild og deltek i vårtorskefisket med garn. Desse fartøy er heilårsdrevne og utgjer omlag 10 arbeidsplassar på årsbasis. Desse hadde eit rimeleg bra årsresultat i 1989, men utsiktene for komande år ser foreløbig problematiske ut.

Den øvrige fiskeflåte som er registrert i merkeregisteret som utgjør 32 fartøy er mindre kystfartøy. 3 av disse er drevne på heilårsbasis, dei øvrige har ujamn aktivitet som er heller liten. På årsbasis vil aktiviteten utgjøre omlag 6-8 årsverk for denne gruppe.

Samla utgjør dermed etter denne oversikt aktiviteten i fiskeflåten ved årskiftet omlag 32 årsverk. Det rste medfører at omlag 78% av heilårsfiskarane må ha sin aktivitet på fartøy frå andre kommuner.

Volda

Merkeregisteret for volda tel 19 fartøy. Dette er berre mindre fartøy. To fartøy er heilårsdrevne. Dette er eit notlag som driv notfiske etter brisling og sild. Hovudfartøyet til dette notlag vart kondemnert i 1989. Den øvrige flåte har ujamn og heller liten aktivitet. Samla vil sysselsetting av flåten utgjøre omlag 2-3 årsverk. Alle heilårsfiskarar frå Volda må dermed ha sin aktivitet på fartøy utanom kommuna.

3.3 KONSESJONSBILDE FOR KOMMUNANE.

<u>Konsesjonstype</u>	<u>Sande</u>	<u>Vanylven</u>	<u>Dreve i komb.med.</u>
Fabrikktrål (Torsk)	1	0	
Industrietrål	4	0	Snurrevad/Reketrål.
Ringnot	0	1	Kolm.trål
Brisling	0	3	Seinot/Kystnot/Garn.
Kvalfangst	1	0	Snurrevad
<u>Sum Konsesjonar</u>	<u>6</u>	<u>4</u>	
<u>Antall Fartøy</u>	<u>6</u>	<u>4</u>	

Volda har ein brislingkonsesjon, denne går sannsynleg ut då fartøyet vart kondemnert i 1989.

Dei 4 industrietrål-konsesjonane i Sande er truleg utgått grunna manglande aktivitet etter tildelinga.

Av dei 6 konsesjonane i Sande har berre ein vore i bruk i 1989 då kvalfangst ikkje var tillatt i 1989.

I Vanylven var alle i aktivitet.

OVERSIKT OVER LANDINGAR AV FISK LOKALT. OMSATT GJENNOM SUNNMØRE OG ROMSDAL FISKESALGSLAG FRÅ FARTØY HEIMEHØYRANDE I SANDE, VANYLVEN OG VOLDA. SAMLA FOR 1989.

Oversikta er for fisk og skalldyr, Torskesektoren.
(Ikkje sildesektoren, Sild, brisling og makrell)

Viktigaste fiskeslag og sum, kommunevis, volum i ton, verdi i 1000 kr., % av sum kommunevis og totalt.

Fiskeslag	Sande			Vanylven			Volda		
	Volum	Verdi	%	Volum	Verdi	%	Volum	Verdi	%
Torsk	1040	9925	27	80	341	51	0,3	5,5	11
Sei	1002	4614	13	25	122	18	1,4	12,2	29
Hyse	341	3003	8	3	19	3	0,07	0,5	1
Lange	555	6071	17	1	10	2	2,4	20,0	47
Brosme	641	4529	13	18	170	25	0,2	1,2	3
Skjell	99	5661	16	0	0		0	0	0
sum			94%			99%			91%
Diverse			6%			1%			9%
Alle	3991	36220	100%	80	672	100%	5,1	43	100%
% av Total		97,76%			1,8%			0,12%	

Av dette tok mottaksanlegg i rettleiardistriktet (Sande) imot 365 ton eller omlag 9% .

SAME OVERSIKT ETTER FISKEREDSKAP, SANDE, VANYLVEN OG VOLDA SAMLA.

Redskap.	Volum i kg.	Verdi i kr.	% av total verdi.
Bunntrål	2.051.064	13.559.305,-	36,6
Line	1.488.382	13.769.650,-	37,2
Skjellskrape	98.590	5.660.600,-	15,3
Snurrevad	96.167	868.672,-	2,3
Teiner	105.203	1.035.625,-	2,8
Garn	112.758	938.400,-	2,5
Garn udefinert	87.605	799.701,-	2,2
SUM			98,9
Reketrål			
Ruser			
Juksa /pilk/snøre			
Landnot			
Surpenot			Sum 1,1
Totalt	4.094.998	37.049.451,-	100,0

Dette gir då eit bilde av kor stor del av samla fiske dei ulike fiske og reiskap utgjer. Ein vil gjere merksam på at dette ikkje er totalbildet då sildesektoren ikkje er med og heller ikkje landingar til andre salgslag.

4.0 FOREDLINGSLEDDET.

4.1 FISKEBEDRIFTENE.

I Sande har der vore aktivitet ved desse bedriftene i 1988.

- | | |
|-------------------------------------|------------------|
| 1. J.M.Bringsvor, Sandshamn | Salting/tørking. |
| 2. Mykle Preserving, Sandshamn. | Fryseprodukt. |
| 3. Sandanger Hermetikk, Gjørdsvika. | Hermetikk. |

Sandshamnfisk som tidlegare dreiv pakking for Bringsvor A/S har ikkje vore i virksomheit sidan 1985.

I Vanylven er det ikkje foredlingsaktivitet med unntak av Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett som har eige pakkeanlegg beregna på sin eigen produksjon, dette har også vore i drift i 1989.

Volda har heller ikkje foredlingsbedriftet med unntak av slakting og pakking av oppdrettsfisk ved Norsk Ørretoppdrett, Lauvstad. (SUNLAKS)

Volda Fiskemat A/S, Mork har hatt eit godt år i 1989. Dette år har ein ikkje hatt problem med råstoff då ein har henta det frå Nord-Norge, lokalt synest råstoffsituasjonen vere vanskeleg. Aktivitet for bedrita viser:

1988

Tilsette: 9 menn 1 kv. = 10, Omsetning 8,5 mill.kr. 11 årsverk.

1989

Tilsette: 10 menn 1 kv = 11, Omsetning 10,3 mill.kr. 12 årsverk

FOREDLINGSBEDRIFTENE I SANDE, AKTIVITETS-OVERSIKT, 1989.

<u>NAMN</u>	<u>TILSETTE</u>	<u>OMSETNING</u>	<u>ARSVERK</u>
J.M.Bringsvor	4 kv. 6 m	5,6. mill.	6,0
Mykle Preserv.	6 kv. 1 m	0,8. mill.	3,0
Sandanger Herm.	12 kv. 1 m	4,0. mill.	9,0
SUM 1989	22 kv. 8 m (30)	10,4. mill	18,0
SUM 1988	25 kv. 7 m (32)	11,8. mill.	22,0
SUM 1987	25 kv. 8 m (33)	15,6. mill.	25,0
SUM 1986	25 kv. 11 m (36)	20,0. mill.	27,25

Mange av kvinnene er deltidstilsette. Menn er vesentleg heiltidstilsette.

4.2 RÅSTOFF, PRODUKSJON, KVANTUMSUTVIKLING.

Mangel på råstoff har vore hemmande for aktiviteten. Svikt i sei og torskefisket på våren og uvanleg dårleg ver dei siste månane gav sitt utslag. Svake prisar på eksport-markedet gav ikkje som vanleg aukande prisar ved reduserte tilførselar. Det har vore ein munaleg auke i ferskfisk-eksporten. Dette tilseier at meir av fisken går uforedla til eksport. Ein får dermed redusert aktivitet ved foredlingsbedriftene. Generelt syner overståande oversikt dårleg utvikling for bedriftene, trass stor innsats for å halde aktiviteten oppe. Bedriften er i søk etter nye aktivitetsområde, men markedet er prisbevisst og våre produksjonskostnader høge. Rammevilkår som gir fordelar til andre landsdelar vil og hemme våre distrikt. For 1989 vart det innhenta omlag 25 ton råstoff frå utlandet til våre foredlingsbedrifter. Med forverra ressursgrunnlag vil dette auke i næraste framtid.

BRINGSVOR er eit fiskebedriftskonsern med anlegg i andre kommuner. Innan fiskeforedling har J.M.Bringsvor A/S og Sandshamn fisk A/S vore lokalisert til Sande. I tillegg har ein oppdrettsanlegget Bringsvorlaks lokalisert i Sande. Produksjonen har vesentleg vore innan saltfisk/tørrfisk. Dei siste åra har serleg tørrfisk vore inne i ei vanskeleg periode med omsetninga. Dette har ført til store lager som har hemma bedriftene. Saltfisk har hatt litt betre forhold dei siste år og i 1989 vart klippfisk-markedet noko betre.

J.M.BRINGSVOR A/S arbeider vesentleg i tradisjonell fiskeforedling salting/tørking. Dei siste år har bedrifta hatt slakting og pakking av laks frå Bringsvorlaks A/S som er del i konsernet. Dette inslaget venta ein skulle auke i 1989 då bedrifta bygde ut til sanitærslateri og fekk tilknytt eit anlegg til for slakting, men sjukdom og reduserte prisar førte til redusert slakting. Sakte aukande aktivitet på tradisjonell produksjon og auke i slakting gjer at ein meiner å vere ute av den nedadgåande trend bedrifta har vore inne i dei siste år.

SANDSHAMNFISK A/S har ikkje hatt aktivitet sidan 1985.

MYKLE PRESERVING har over fleire år vore inne i omstilling. Bedrifta lanserte nytt produkt i 1986. Ein hadde venta å kome igangmed produksjon av dette i 1987. Markedsføring av dette produkt viser positiv utvikling, men synest ta lenger tid enn venta, og fekk ikkje endring i 1988. Vesentleg endring fekk ein ikkje i 1989 heller, men positive trekk er noterte.

SANDANGER HERMETIKK har igjen hatt eit rimelig år. Aktiviteten vart redusert for 1988 og også for 1989. Hermetikk-markedet har vore vanskeleg dei siste år og synest forverre seg. Bedrifta er i søk etter nye produkt og har fleire i emning, men vantar enno utslag av desse.

OVERSIKT OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I SANDE GJENNOM
SUNNMØRE FISKESALGSLAG I 1988 OG 1989

Fiskeslag	1988		1989	
	Kvantum kq.	Verdi i Kr.	Kv/kq.	Verdi/Kr.
Akkar	0	0	0	0
Blålange/brosme	64.899	375.782	62.937	382.234
Hyse	31.949	245.292	26.460	201.865
Kveite/Flyndre	660	3.447	0	0
Lange	42.314	462.073	24.391	462.073
Lyr	1.130	5.603	0	0
Sei	186.080	798.965	174.544	879.310
Torsk	43.341	445.103	70.747	783.609
Diverse	3.098	17.220	6.155	59.391
SUM	373.471	2.353.485	365.234	2.586.540
SUM 1987	581.950	4.482.945		
SUM 1986	585.165	4.373.025		

ENDRING I GJENNOMSNITTPRIS I LOKALE LEVERANSAR 1984 - 1989.

FISKESLAG	1984	1986	1988	1989
Torsk	6,20	9,90	10,28	11,08
Sei	2,53	5,61	4,29	5,04
Hyse	5,17	6,25	7,69	7,62
Lange	6,39	11,27	10,92	11,48
Brosme	4,15	7,47	5,79	6,08
Diverse	1,56	5,64	5,55	9,58
Akkar	4,00	4,66	----	----

ENDRING I KVANTUM OG VERDI OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I
SANDE GJENNOM SUNNMØRE FISKESALGSLAG. 1981-89.

År	Kvantum ton	Verdi (1000 kr.)	Kvantum	Verdi
1981	2.319	11.853	0	0
1982	1.660	5.968	ned 28%	ned 49%
1983	1.310	6.504	ned 21%	opp 9%
1984	1.110	4.826	ned 15%	ned 26%
1985	515	3.246	ned 54%	ned 33%
1986	585	4.373	opp 14%	opp 35%
1987	582	4.483	ned 0.5%	opp 2,5%
1988	373	2.353	ned 36%	ned 48%
1989	365	2.587	ned 0.02%	opp 0,1%

Inntaket av fisk til bedriftene i Sande vart omlag det same som i 1988. Omlag 25 ton vart forsøkt importert til bedriftene i 1989, dette syntest vellukka.

5.0 FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR (HAVBRUK)

5.1 KONSESJON- OG AKTIVITET-OVERSIKTER.

Fiskeoppdrett er etter lov underlagt et konsesjonssystem. Ein må derfor ha tillatelse, løyve eller konsesjon for å drive fiskeoppdrett. Dei tre orda betyr i praksis det same. I oversikt som følgjer er alle medtekne.

KONSESJONSOVERSIKT. (antal)				1989		
Type	Sande	Vanylven	Volda	S	Va	Vo
Matfisk Laks/Aure	3	2	3	0	0	0
Stamfisk Laks/aure	0	1	1	0	0	1
Matfisk Torsk	2	0	1	2	0	0
Aleoppdrett	1	0	0	0	0	0
Oppdrett Kveite/Piggvar	7	2	0	3	0	0
Settefisk Laks/Aure	0	4	8	0	-1	0
Kjempereker	0	1	0	0	1	0
SUM 1989	13	10	13	5	0	1
SUM 1988	8	10	12	1	1	1
SUM 1987	10	19	26	5	3	2

Konsesjonsantal-auke i Sande er på oppdrett av marine artar. Eit anlegg for kveite og eit anlegg for piggvar kom i prøve-opstart i 1989.

Den relativt store nedgangen i løyver 1987-88 er sletting av skaldyrtilletelsar.

Eit løyve for settefisk laks/aure vart inndrege i Vanylven.
Eit løyve for stamfisk vart tildelt i Volda.

Bak i meldinga finn ein kart over anleggsplassane som er komne i drift i distriktet.

AKTIVITETSOVERSIKT HAVBRUK. 1989. (Anlegg i drift)SANDE

Anlegg	Tilsette	Omsetning	Arbeidsinsats
Bringsvorlaks	3	4,7 mill.	3,2 årsverk.
Vestlaks	4	5,0 mill.	5,0 årsverk.
Flatøy Fiskeoppdr.	2,5	2,6 mill.	2,5 årsverk.
Scan-Aal	1	0,6 mill.	1,0 årsverk.
Sande Seafarm (Kveite)	0,5	0 mill.	0,5 årsverk.
Breivik Seafarm (Pigqv)	0,5	0 mill.	0,5 årsverk.
SUM 1989.	11,5	12,9 mill.	12,7 årsverk.
Sum Sande 1988	10,5	12,3	10,7 årsverk.
Sum Sande 1987	8	12,4 mill.	9,0 årsverk.
Sum Sande 1986	7,5	12,0 mill.	7,0 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			7,0 årsverk.

Trandal Seafarm, frå Ørsta har hatt nødlokalitet i drift ved Breivik, Larsnes. Dette er ordinært matfisk-anlegg. Anlegget hadde 1,5 tilsette omsetn. 2,4 mill kr. oml. 2.årsverk. Etter planen vert anlegget avvikla og vidareført ved sin ordinære drift i Ørsta like over årsskiftet.

VANYLVEN

Anlegg	Tilsette	Omsetning	Arbeidsinsats.
Van. Stam og Settef.	8	12,6 mill.	9,0 årsverk.
Skorge og Bjørge f.	4	6,9 mill.	5,5 årsverk.
Starlaks.	4,5	7,0 mill.	4,5 årsverk.
Rovdefisk/Vest Aqua	3,5 (4/3)	0 mill.	5,0 årsverk.
SUM 1989.	20	26,5 mill	24,0 årsverk.
Sum Vanylven 1988	19	22,0 mill.	21,5 årsverk.
Sum Vanylven 1987	18	16,0 mill.	20,0 årsverk
Sum Vanylven 1986	13	12,5 mill	15,0 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			9,0 årsverk.

VOLDA

<u>Anlegg</u>	<u>Tilsette</u>	<u>Omsetning</u>	<u>Arbeidsinsats.</u>
Dalsfj.Fiskeop/Sunlaks	3	7,0 mill.	3,5 årsverk
Steinsvik Laks	8	0,06 mill.	5,0 årsverk
Juvel Laks	4	0,2 mill.	2,0 årsverk
Straume Fiskeop.	3	4,0 mill.	3,0 årsverk
Norsk Ørretoppdr.	4+(15)*	8,5 mill.	7,0 årsverk
Kvangardsneslaks	3	13,7 mill.	6,1 årsverk
Johs. S. Gjerdsdal	2,5	1,3 mill.	2,5 årsverk
Silverlaks	1,5	1,1 mill.	2 årsverk
<u>SUM VOLDA 1989</u>	<u>29 +(15)</u>	<u>35,86 mill.</u>	<u>31,1 årsverk</u>

<u>SUM VOLDA 1988</u>	<u>44,5 +(15)</u>	<u>51,3 mill.</u>	<u>41,5 årsverk</u>
<u>SUM VOLDA 1987</u>	<u>33,0</u>	<u>19,1 mill.</u>	<u>31,5 årsverk</u>
<u>SUM VOLDA 1986</u>	<u>27</u>	<u>12,3 mill.</u>	<u>27,0 årsverk</u>

()* Tilsette ved pakkeanlegget, deltidarbeid.

Oversikta viser at ein kom seg over det vanskelege år med rimeligheit, sett for heile næringa. Størst nedgang hadde Volda i aktiviteten. Ein hadde venta ein munaleg auke i all aktivitet, men med dei vanskar ein hadde må ein kunne tilkjennegi at ein synest ha takla problema tolleg bra.

5.2 MATFISK-OPPDRETT LAKS/AURE I SJØEN.

1989 vart eit vanskeleg år for heile oppdrettsnæringa i distriktet. Sviktande prisar og sjukdomsutbrot. Anlegga fekk ulikt økonomisk utslag av vanskane. Fylkesveterinæren var sterkt inne i bilde vedrørende sjukdomsbekjempelse. Sjukdomsutbrot hadde vore registrert i tidlegare år og tiltak med isolering av desse utbrot vart forsøkt uten at ein klarte stanse vidare spreiding. Utviklinga for 1989 viste at ein måtte innføre meir vidtfemnande tiltak om ein skulle klare å halde sjukdom innafor rimelege grenser. Ein gikk derfor til omfattande omlegging av kontrollsystemet i heile næringa i nært samarbeid med dei enkelte oppdrettarar. Systemet som vart valgt er kalla Sunnmørsmodellen og denne tek sikte på å kunne bekjempe både kjende og nye fiskesjukdomar. Denne nyordning er i innføring og ventast vere i funksjon til komande vekstsesong. Oversiktene ovanfor kan synest som om dei veletablerte anlegg kom seg nokolunde ut av vanskane. Størst vanskar fekk dei nyetablerte.

Ein ser med stor spenning på komande vekstsesong.

Nytildeling av konsesjonar som var planlagt for 1989 vart utsett.

5.3 OPPDRETT LAKS/AURE, SETTEFISK.

Dei anlegga som fekk sjukdom i denne del av næringa fekk ikkje selje fisken sin og det førde til store tap. For dei selskap som var nystarta førte dette til uoverkomelige økonomiske problem. Ein fekk eigarendringar og refinansieringar for å kome igang på nytt. Over tid reknar ein med at alle anlegg vil vere i aktivitet igjen. Restriksjonar på føring av settefisk kan føre til at produksjonen må noko meir lokaltilpassast enn tidlegare. Ein har dermed overproduksjon i enkelte distrikt og underdekning i andre distrikt. Generelt hadde ein overproduksjon i 1988 og 89 men etter at ein finn betre naturlegge reguleringar som ein ventar dei nye driftsformer vil klarlegge, vil produksjonen verte lettare regulert.

Ein ventar ei restriktiv linje vedrørande nytildelingar.

STAMFISK LAKS/AURE.

Nye forskrifter for stamfisk til Laks/Aure kom i 1986. Etter desse er det to hovuddelingar. Eit opplegg går ut på at eit sentralt avlsråd i oppdrettsforeninga sin regi med fylkesavdelingar får tildelt stamfisk-stasjonar med underanlegg.

Vanylvsfisk vart utpeika av dette råd til underanlegg og vil etter systemet få drive avlskonseksjon på 8000 kub.m etter retningslinjer frå avlsrådet. Anlegget er lagt til Slagnesvika, og kom i drift i 1987.

Det andre opplegg er at konseksjons-innehavarar av begge typer i laks /aure kan søkje om tilleggskonseksjon på 1000 kub.m. for stamfiskoppdrett. Inntil fire søkjarar kan gå saman om et anlegg, ein slik konseksjon har tilfalle Volda. Anlegget i Volda kom i drift i 1988.

Vidare utvikling i denne del vil ein måtte avvente resultat frå det etablerte og etterspøselen etter rogn.

Foreløbig ser utviklinga av fleire slike anlegg å vere vanskeleg.

5.4 SKJELLDYRKING.

Interessa for skjelldyrking er relativ lav i distriktet. Dette har vesentleg sin grunn i at økonomien er svak for slikt oppdrett. Etter forsøk som er gjorde synest vekstforholda vere gode for blåskjell. Problem med ærfugl er ikkje løyste. For østers synest veksten vere i svakaste laget. Den svake økonomien gjer at innsatsen er svak. Det er utdelte mange tillatelsar i distriktet som ikkje har vore i drift og desse er under inndraging. I 1988 vart dei fleste tillatelsar sletta.

5.5 OPPDRETT NYE ARTAR.

Interessa for nye artar er stor i distriktet. Den største interesse har vore for oppdrett av kveite. Denne interesse vart noko redusert i 1988 då ein frå forskingshald har fått melding om at det synest ta lenger tid før teknikk for yngelproduksjon er funnen. Ellers er det ved søknader vist interesse for torsk, ål, kjempereker, og forsøk med slikt oppdrett er igang eller nær foreståande.

Interessa for varmekjære fiskeslag har auka i 1988 då teknikk for resikulasjonsanlegg synest vere i positiv utvikling. Piggvar og Sea-bream i saltvassanlegg (landbaserte) synest mest aktuelle då desse er høgprisfisk og yngelproduksjon utprøvd.

Interessa for slik aktivitet er rimeleg fordelt i distriktet og av slik styrke at ein kan vente vekst i anleggsaktivitet innan kort tid. Ein svært restriktiv kapitaltilgang gjer at mange planar ikkje allereie er realiserte.

Prøvedrift av kveite er igang ved Sande Seafarm, Gjerdsvika og liknande prøve for piggvar er igang ved Breivik Seafarm, Larsnes.

6.0 LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

6.1 STATENS FISKARBANK

Statens Fiskarbank er tiltenkt å vere verktøy for politisk styring av fiskerinæringa.

Som statsbank for fiskerinæringa administrerer banken desse ordningar.

LÅN:

1. prioritet lån	rente 11.5%
2. prioritet lån	rente 10.5% (Eldre tilskotsordn.)
Stønadslån	rente 11.5% (Eldre tilskotsordn, 5 års rente og avdragsfritt)
Likviditetsslån	rente 11.5% (Støtte til ny tur)
Driftskreditt	rente 11.5% (Eldre ordning)
Redskapslån	rente 11.5%
Rentesubsidielån	rente 8.0% (Til nybygg og omb.)
Investeringsstilskot	Til nybygg med innv. rentesub-lån

STØTTE, TILSKOT: (Etter hovudavtalen med Staten, strukturtiltak)
Kondemnering av eldre uhensiktsmessige fartøy.
Støtte til arbeidsmiljøforbetring ombord.
Støtte til mekanisering av kyst-line-fartøy.
Tilskot til etablering av samarbeids-selskap i fiske.
Ellers ulike støttetiltak og lån til strukturendring i fiskeflåten og fiskeindustrien.

For 1990 er nokre av desse ordningane endra.

OVERSIKT OVER LÅNEGJELD I ST.FISKARBANK, KOMMUNEVIS.

SANDE:

Utestående pr. 31/12-85.	Kr. 26.790.267,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 26.427.999,-
Utestående pr. 31/12-87.	Kr. 22.909.727,-
Utestående pr. 31/12-88.	Kr. 30.469.785,-
Utestående pr. 31/12-89	Kr. 32.611.406,-

Innvilga lån 1985	Kr. 10.857.981,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.950.000,-
Innvilga lån 1987	Kr. 4.450.000,-
Innvilga lån 1988	Kr. 4.699.751,-
Innvilga lån 1989	Kr. 6.236.450,-

Søknad om lån 1988	Kr. 15.660.586,-
Søknad om lån 1989	Kr. 16.618.154,-

VANYLVEN:

Utestående pr. 31/12-85.	Kr. 11.004.232,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 11.689.997,-
Utestående pr. 31/12-87.	Kr. 14.593.415,-
Utestående pr. 31/12-88.	Kr. 14.715.385,-
Utestående pr. 31/12.89.	Kr. 6.285.810,-

Innvilga lån 1985	Kr. 20.000,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.745.000,-
Innvilga lån 1987	Kr. 0,-
Innvilga lån 1988	Kr. 870.000,-
Innvilga lån 1989	Kr. 800.000,-

Søknad om lån 1988	Kr. 36.989.890,-
Søknad om lån 1989	Kr. 5.042.000,-

VOLDA

Utestående pr. 31/12.87.	Kr. 10.680,-
Utestående pr. 31/12.88.	Kr. 73.330,-
Utestående pr. 31/12.88.	Kr. 59.990,-

Innvilga lån 1987	Kr. 0,-
Innvilga lån 1988	Kr. 80.000,-
Innvilga lån 1989	Kr. 0,-

Søknad om lån 1988	Kr. 0,-
Søknad om lån 1989	Kr. 0,-

TAKSTNEMDER:

Statens Fiskarbank har kommunalt utnemde takstnemder. For perioden 1988-91 er disse utnemde.

SANDE:

<u>Medlemer</u>	<u>Varamenn</u>
Fredrik Baade, Sandshamn (Form.)	1. Roar Kvanne
Gunnar Gjerde, Gjerdsvika (N.form.)	2. Marvin Longva
Martin Nystøyl, Aram (Medl.)	3. Mindor Gjerde

VANYLVEN:

Per Voldsund, Eidså (Form.)	1. Per Strand
Kåre Krokvik, Fiskåbygd (N.form.)	2. Arthur Wik
Svein A. Nordal, Syvde (Medl.)	3. Petter Knardal

VOLDA

Arne Eidset, Folkestadbygd (Form.)	1. Jarle Dalebo
Olav Meek, Folkestadbygd (N.form.)	2. Oddvar Runde
Petter Åsebø, Volda (Medl.)	3. Arvid Nordstrand

6.2 ANDRE LANE OG FINANSIERINGSKJELDER.

DISTRIKTENES UTBYGGINGSFOND har klassifisering av kommunene etter utbyggings-status. Både Sande og Vanylven har utbyggings-status med 25%. Dette tilseier tildeling etter distrikts-skattelova og prioritering i lån og tilskot frå D.U. Fiskefartøy har vore unnatekje D.U.-midlar då desse er mobile anlegg. Ved klassifisering som pionerprosjekt kan desse kome under D.U.-status. Fiskeforedling og fiskeoppdrett har tilgjenge til D.U.-midlar. Søknader og tilsagn i D.U. går ikkje gjennom vårt kontor. I økonomisk oversyn for 1989 frå Næringsavdelinga i fylket har vi henta desse tal.

SAMLA STØTTE FRÅ D.U. FRAM TIL 1/1-1989			TILDELING 1988	
KOMMUNE	SUM TIL KOMMUNA	SUM FISKE	FISKE	KOMM.
Sande	51.347	8.752	560	1.457
Vanylven	58.411	6.015	1.895	2.220
Volda	49.732	6.050	0	4.455

Tal i heile 1000,-kr.

Fiskeoppdrett har hatt tilgang til Fiskarbanken og D.U. Den vidare utbygging av oppdrettsnæringa er staten tenkt å styre gjennom INDUSTRIBANKEN. Denne er dermed under innarbeiding som hovudbank for oppdrettsnæringa og har etablert kontor i Ålesund.

LOKALE BANKAR har stor betydning for finansieringa av fiskerinæringa lokalt. Toppfinansiering og driftskreditt vert etter det vi kjenner til stort sett garantert frå lokale bankar for alle prosjekt. Utan slik garanti synest finansiering innan fiskerinæringa vere vanskelig, gjerne serleg for nye prosjekt. Økonomiske vanskar i heile næringa har medført store tap til desse finansieringskilder. Dette har ført til ei svært restriktiv haldning til nye prosjekt og til finansiering generelt.

Desse banksamanslutningar har avdelingar i distriktet.

SUNNMØRSBANKEN

SPAREBANKEN MØRE

Sunnmørsbanken er under avvikling og nye intressentar innan bank har overtekje og er under etablering i distriktet.

AKSJE-SELSKAP som selsskapsform vert meir vanleg også innan fiskerinæringa. Finansiering ved kommanditt-innbyding vert også brukt i distriktet i tilknytning til A/S.

DISTRIKTSSKATTELOVA sine avsetningar har ikkje vorte tilført fiskerinæringa i distriktet med unntak av lokale avsetningar, så langt vi kjenner til.

7.0 TILTAKSARBEID - PLANAR.

Det førtste resirkulasjonsanlegg i oppdrett kom i drift i Gjerdsvika i begynnelsen av 1988. Anlegget driv oppdrett av ål og var og i prøvedrift i 1989.

Settefisk er basert i vill-yngel då kunstig produksjon av ål-yngel enno ikkje er framført. Dette har og møtt så store vanskar at det kan synest at ein må basere seg på natur-yngel lenge enno. Imidlertid synest overskotet av naturen vere stor og i andre land som Danmark, Frankrike og England er relativt store mengder ål-yngel tilgjengeleg. Fangstane svingar etter naturforholda.

Tankane om å finne ut av mulige "egne" ressursar vart vidareført her lokalt. I 1989 vart forsøk på fangst av yngel og større ål gjort i liten målestokk frå kontoret. Ein via og noko tid til å innhente og registrere lokale observasjonar av ål-yngel og ål. Ein rapport vart laga og lagt som grunnlag for framlegg til vidare forsøk.

Foreløbig ser dette opplegg ut til å møte vanskar med finansiering.

Interessa for oppdrett av andre artar og særleg varmekjære artar har fått oppsving i distriktet. Den viktigaste grunn til dette er at ein meiner å ha erfaring for at ved høge konsentrasjonar av fisk vil både fisk og biofilter avgi varme som ved resirkulasjon vert tilført vatnet. Behov for tilførsel av varme til anlegget synest dermed redusert i forhold til det ein tidlegare trudde. Imidlertid synest slike anlegg å verte svært sårbare for miljøet i anlegget og vil utvilsomt kreve nitid kontroll og høg kompetanse.

I forhold til andre anlegg vil desse som synest verte landanlegg ha lite utslepp. og det utslepp ein har er lett å kontrolere. Ein vil og ha lite vassforbruk, men krav til kvaliteten på vatnet vert høgre.

Kravet til sjøvatnet for dei saltvass-artane ein har i tankane vil etter det ein trur måtte hentast frå djupvatnet i distriktet. Vi har svært lite kjennskap til dette djupvatnet og ein har derfor planar om å få igang eit måleprogram for å verte meir kjent med temperatur, surstoff og salinitet og års-svingingar i slike forhold. Dette program er ein i arbeid med saman med kommunene, og hadde klart eit opplegg, men fann liten interesse i andre fagmiljø så planane er lagt i bero.

I 1989 har ein forsøkt samle seg kunnskap om resirkulasjonsanlegg og biofilter, miljøforhold og tekniske løysingar. Dette er så delt med intressentar lokalt.

Kommunal arealdisponering for sjøområda har vore i emning over ein tid. Om dette skal ha form som kystsonenplan eller mindre delplan er enno uklart. Ein har avventa fylket sin havbruksplan som no er godkjent. I avvente av denne har ein samla bakgrunns-data i distriktet for planarbeidet. Kommunene Sande og Vanylven kom i arbeid med kommuneplan i 1989.

I begge kommuner var arealdisponering av sjøarealet medtekje Dette medfører planarbeid for rettleiaren.

Tiltaksarbeid innan det tradisjonelle fiske synest ligge i å utnytte marginale ressursar. Med den store reduksjon over dei siste år i det lokale vårtorskefisket som har vore "berekjelken" i det lokale kystfisket, kan det synest som om den flåte som er avhengig av dette vil få store vanskar. Marginal-ressursar kan og synest opp-brukte då ein over fleire år har søkt etter slike.

Bankflåten synest vere inne i nedgang både i ressurs og pris på sitt tradisjonelle produkt. Foredling ombord eller tilrettelegging for vidare foredling kan synest som einaste måte å tilføre større fangstverdi, som det med auke i kostnadane er behov for. "Våre" fartøy som er relativt godt vedlike-haldne er heller eldre og burde derfor snarast hatt oppjustering av større omfang for å møte den hardare konkurranse ein ventar.

Fiskeforedling lokalt er og inne i konsolidering eller nedbygging på tradisjonell aktivitet. Dei nye aktivitetar har ein enno ikkje fått klarheit i. Omlegging til råstoff av oppdrettsfisk og eventuelt import av råstoff er i emning.

Oppdrettsnæringa er for tida inne i konsolidering lokalt grunna problem med overproduksjon og sjukdom.

Ved Herøy Vidaregåande Skule som og dekkjer Sande kommune då den ikkje har eigen vidaregåande skule, har hatt AMO-kurs over 12 veker i tradisjonelt fiskeoppdrett. Dette var basert i å etterkome eit akkumulert behov i oppdatering av elevar med noko erfaring frå oppdrett.

Det akkumulerte behov kan synest no vere dekt og ordinær vidareutdanning innan oppdrett vert foretrekt av yngre elevar. Ein vurderar dermed om behov for omlegging av dette kurs til spesialkurs i resirkulasjons-problematikk der biofilter-teknikk og teori vert hovudemne.

Grunna den usikre status heile næringa er inne i synest tiltaksarbeid for om mulig stimulere til nyetablering vere lite tilpassa problemsituasjonen. Heile næringa synest inne i konsolidering og reduksjon.

8.0 OPPSUMMERING / STATUS.

1989 må kallast eit endringens år. Starten av året var relativt god for mesteparten av næringa. Fiskeflåten var i rimeleg godt fiske og innan oppdrett var ein tilendes av ein mild vinter med relativt god tilvekst i anlegga. Dei fleste anlegg hadde satsa heller sterkt med store insett tidlegare som var i fin vekst. Prisane var urolige, men det var liten grunn til uro.

Etter vårsesongen begynte utviklinga å vise negative utslag. Prisfall på dei fleste fiskesortar også oppdrettsfisk. Sjukdoms-utbrot i fiskeoppdrett som var i stadig spreiding fekk tildels store og dramatiske utslag for dei enkelte anlegg. Utryggheit og usikkerheit var hovudvilkår ein hadde å arbeide under.

Seinare kom prognoser om svært svake ressursprognoser, i fleire av våre viktigaste fiskesortar og signal om sterke nedskjeringar i kvoteuttak i næraste framtid.

Sildesektoren synest ikkje vere inne i same negative utvikling, men kunne heller ikkje ventast vere til hjelp av betydning for den ellers kriseramma del av næringa.

Ein venjer seg og til negative ting og dei fleste har inretta seg etter forholda og er i gjenge med å tilpasse seg dei nye forhold. Med noko velvilje frå mange hald kan ein mykje godt konkludere med at ein skal kome seg ut av desse motgangstider også med rimelighet.

Det synest likevel nødvendig at fangstsida i næringa må vere budd på reduksjon for framtida, at totaltalet av fiskarar også må minke.

Fiskeforedling er i konsolidering og med redusert tilgang av råstoff ventast redusert aktivitet. Om råstofftilgang kan hentast utanfrå er foreløbig uklart.

For den enkelte bedrift kan det slå ut både i auka og minkande aktivitet.

Akvakultur som i dag vesentleg er produksjon av laks er i foreløbig stagnasjon. Ein ventar ikkje seleg vekst med det første, men når andre artar kjem inn vil ein utvilsomt få ny vekst i denne næring.

Kor fort slike nye driftsformer kjem er usikkert idag, men dess meir ressursar ein set inn i prøve og forsøk dess snarare vil ein få klarheit i dei vanskar ein vil møte og så kan ein starte prøver på å overkome slike vanskar.

Det kan nok synest som om vårt distrikt har behov for nye satsings-område og dess meir innsats ein gjer til snarare vil ein kunne vente å nå målet også på dette felt.

Forestående oppsummering kan virke nokó dyster, men utøvarane innan næringa har vist tilpasningsevne før, har stor optimisme og pågangs-mot. Kompetanse og nytenkjings-evne har aldri vore betre så ein finn ikkje grunnlag for seriøs krisemaksimering.

FISKEOPPDRETT I SANDE
OG VANYLVEN:

ANLEGGSPlassAR:

MATFISK = X
SETTEFISK = □

